



Edith Johannessen Hauge
Mykingvegen 531 B
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/272 - 19/26455

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
04.09.2019

Avvist søknad om deling/arealoverføring - gbnr 29/3 Hauge (Dalsgrend)

Administrativt vedtak. Saknr: 491/19

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.

Saksutgreiing

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av areal frå gbnr 29/3 motteke 29.01.2019.

Vurdering

Etter ein gjennomgang av den innsende søknaden og dokumentasjonen i saka, har kommunen funne grunnlag for å vurdere om søkar har dei nødvendige private rettane som søknaden krev.

Det følgjer av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-6 at *"med mindre annet følger av loven her, skal bygningsmyndighetene ikke ta stilling til privatrettslige forhold ved behandling av byggesøknader. Dersom det fremstår som åpenbart for bygningsmyndighetene at tiltakshaver ikke har de privatrettslige rettigheter søknaden forutsetter, skal søknaden avvises."*

Vilkåret for å kunne avvise ein søknad er at det må gå fram som klart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettane som søknaden krev. I vilkåret er det sett krav om meir enn vanleg sannsynsovervekt. Om vilkåret er stetta vert basert på ei heilskapleg vurdering av forholda i saka.

Det er ikkje juridisk eigar av eigdommen som har sendt inn søknad om deling. Det går vidare fram av innsendte dokument at søkar tilsynelatande har avtale med grunneigar om at det aktuelle arealet skal delast frå og overdragast til søkar på eit seinare tidspunkt enn då kjøpekontrakt vart inngått, jf. tilleggssavtale datert 11.04.07. Av punkt 2 i same avtale går det fram at kjøpar skal signere på dokument som gjeld overføring av areal.



Kommunen har sendt mangelbrev til søknaden som følgje av at det ikkje ligg føre signatur/samtykke frå heimelshavar av eigedommen til søknad om deling. Etter kommunen si vurdering kan ikkje søknad handsamast utan at dei privatrettslege tilhøva vert avklart.

På bakgrunn av dette meiner kommunen at det etter ei heilskapleg vurdering av søknaden og andre forhold i saka, framstår som klart at tiltakshavar ikkje har dei privatrettslege rettane som søknaden krev.

Vedtak

Søknad om deling av eigedom med gbnr 29/3 motteke 29.01.2019 vert avvist med heimel i pbl. § 21-6.

Det vert presisert at dette vedtaket ikkje er ei avgjerd av det privatrettslege høve.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Svenn Hauge

Mykingvegen 761 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Edith Johannessen Hauge

Mykingvegen 531 5913
B

EIKANGERVÅG